



FURENE – BYGGJE BRU OG **FRAMTIDSTRU**

Heimebane set pris på å bli kontakta av arbeids- og inkluderingsbedrifta, Furene. Avdelingsleiar Kirsti Gaudestad sit ved hovudkontoret i Volda. Saman med over 20 jobbkonsulentar støttar ho jobbsøkarar i prosessane med å kome seg i arbeid. Ho er stolt over innsatsen, og at Furene no er blant dei ti beste bedriftene i landet på formidling. Kirsti deler gledeleg eit par gladsaker med oss.

Tekst: Ellen Skodjevåg Bø / Foto: Kirsti Gaudestad

– Ja, no må vi få fram nokre av solskinshistoriene. Til tross for korona og ein krevjande arbeidsmarknad gler vi oss over at fleire personar har fått løna arbeid. To av desse er vi så heldige å kunne presentere her. Hege, som no har fått jobb i ein barnehage, og Dorian, som montør i eit ventilasjonsfirma, fortel Kirsti.

ARBEIDSSØKAR I SENTRUM

Furene AS har om lag 140 tilsette, fordelt på avdelingane i Volda, Ørsta, Ulsteinvik, Dragsund og Fiskå, og leverer tenester i alle dei sju kommunane på Søre Sunnmøre. Kirsti er tydeleg på at Furene sin viktigaste jobb er å sette kvar einskild arbeidssøkar i sentrum, uansett nivå, ståstad og kompetanse.

– Målet vårt er å vise personen respekt, og motivere til å igjen tru på egne ferdigheiter. Vi tilbyr ulike tiltak og arbeidspraksis, slik at deltakarane får god trening i ulike jobbsituasjonar og blir sjølvstendige og godt rusta for arbeidslivet.

– *Kva tiltak tilbyr De?*

– Dette varierer alt etter arbeidssøkaren sitt behov. Vi har eit svært godt samarbeid med dei tre NAV kontora på Søre, og størsteparten av våre oppdrag kjem herifrå, der vi tilbyr eit breitt tiltaksprogram for søkarane. I eine enden har du gjerne dei som ikkje kan livnære seg på inntekt frå ordinær jobb.

Men, som med tett oppfølging får moglegheit til å prøve seg i ulike arbeidssituasjonar, anten det er internt i våre produksjonsavdelingar, eller ute hjå nokon av våre samarbeidsbedrifter. Dette er eit tiltak som vi kallar VTA – varig tilrettelagt arbeid, og som gir personen moglegheit til å få utbetalt både uførestønad og bonuslønn.

EIT TILBOD FOR ALLE

Kirsti meiner det er viktig å få fram den andre enden av skalaen også. – Ja, for vi er også gode på kva som skal til for å kunne stå i arbeid. I tillegg til individuelle tiltak og jobbsøkarkurs på vegne av NAV, leverer vi tenester for sjukefråværsoppfølging direkte til bedrifter, til dømes i Ekspertbistand.

Furene er for alle, og tilbyr no eit breitt spekter av tenester uansett kvar på karrierestigen ein står.

– Ja, her kan vi hjelpe alle. Vi er alle sårbare, og ingen av oss er skåna for verken fysiske eller psykiske knekkar, eller å oppleve å stå utan arbeid slik mange opplever no på grunn av koronapandemien. Med vår kunnskap og erfaring, samt det gode samarbeidet med næringslivet i regionen, finn vi gode løysningar både for arbeidssøkaren og arbeidslivet. Vi tilbyr kompetent arbeidskraft, i tillegg til å kunne vere ein nøytral og truverdig rådgjevar i aktuelle

saker mellom person og bedrift, seier Gaudestad informativt. Ho brenn for å kunne hjelpe, og er glad i jobben sin.

– Som jobbkonsulent er det ingenting som gjer meg meir glad og rørt enn å sjå våre arbeidssøkarar

lykkast som sjølvstendige i lønna arbeid. Dette gir ein unik meistringsfølelse og livskvalitet for den aktuelle, seier ho audmjukt, og legg til at det hittil i år er 166 personar som har avslutta tiltak for å starte på utdanning eller gått ut i jobb frå Furene. •

Hege Roti Langvatn (38) er ein av dei. Ho har ikkje berre fått seg ein jobb, men to! Magasinet Heimebane tok seg ein prat med både henne og jobbkonsulenten, Inger Lise Molnes.

«FRI» FRÅ NAV

– Dette var stas å høyre. Fortel fortel.

– Ja, dette er veldig kjekt! Endeleg er eg «fri» frå NAV, og er igjen herre over mitt eige liv, til tross for at vi er midt i koronapandemien. No gler eg meg over å ha fått jobb i 80% stilling hjå Læringsverkstaden Bratteberg barnehage. Her jobbar eg mest på småbarnsavdelinga, men også på storborn ved behov. Det var på denne avdelinga eg fyrst starta praksisen min, så det er godt å kunne bidra på begge avdelingane, seier Hege innleiingsvis, som i tillegg fortel at ho er tilkallingshjelp på strikkebutikken, Nettstrikk i Volda.

– Frå ingenting til to jobbar?! Korleis har dette gått til?

– Her har eg fått ei unik hjelp frå Inger Lise på Furene. Etter at eg lenge hadde stått på arbeidsavklaringspengar søkte NAV meg inn hit i november i fjor. Men eg skal innrømme at eg var skeptisk til å takke ja. Det å bli satt i bås, om du skjønar?! Mi oppfatning var at Furene berre er for dei som knapt kan sortere skruar. Og eg såg på meg sjølv som ein litt meir ressurssterk person enn som så, men at livet der og då gjorde at eg ikkje var i stand til noko anna..

EIN TRYGG START

– Vart det som forventa?!

– Langt i frå. Heilt frå fyrste møtet har eg blitt møtt med ei varm hand, heller enn ei kald skulder. Furene har heile vegen vore interesserte i MEG som person, kva eg vil, og kva dei kan gjere for meg. Eg fekk starte i mitt tempo og i ein praksis som eg følte meg trygg i. Dette var viktig, for det tek tid å fungere igjen etter å ha gått heime i si eiga boble så lenge, fortel Hege. Inger Lise supplerer litt om prosessen.

– For å gi Hege ein trygg start, fekk ho fyrst praksis i butikk. Dette hadde ho jobba med tidlegare, og når ho i tillegg elskar å strikke, passa Nettstrikk perfekt. Deretter nytta vi nokon av våre verktøy til å kartlegge



Hege Roti Langvatn (t.v) og jobbkonsulent Inger Lise Molnes.

interessene og ressursane hennar, og såg at Hege hadde eigenskapar som kunne passe i ein barnehage. Noko som stemte veldig bra i Bratteberg. Her gjorde Hege eit godt inntrykk og ein framifrå jobb, og fekk raskt tillit til både borna og personalet, seier Inger Lise, og er stolt over at Hege no har blitt tilsett i eit lengre vikariat.

MEISTRINGSFØLELSE

– Ja, eg skøra vist høgt på å vere folkeleg og sosial, flirar Hege. – Slike karriereveiledarar er gull verdt, så lenge ein er ærleg med seg sjølv. Den fekk meg til å reflektere litt annleis over mitt eige liv, og kva EG eigentleg ville. No har eg funne min plass i barnehagen, og stortrivast både saman med borna og dei gode kollegane der. Ja, det er travelt, men no er eg sliten på ein god måte. Denne jobben gir meg positiv energi, og ein unik meistringsfølelse, avsluttar Hege, og oppmodar andre som får tilbod frå Furene til å ta i mot med opne armar. – Det er ikkje ei svakheit å måtte få hjelp og rettleiing. Det er heller eit springbrett til å finne sin veg og meining med livet. •



T.v.: Jobbkonsulent Olav Stokke, Dorian Piotr Lewandoski og arbeidsgivar Espen Egset.

Dorian Piotr Lewandoski (29) blir frå 1. januar 2021 blir fast tilsett som ventilasjonsmontør ved Egset Ventilasjon i Volda. Nok ei gladsak frå Furene som magasinet Heimebane får ta del i. Jobbkonsulent, Olav Stokke, og dagleg leiar, Espen Egset, møtttest for ein prat om samarbeidet ilag med arbeidssøkaren.

– Ja, dette er stas, startar Olav innleiingsvis.

– Dorian har vore på jakt etter arbeid over lengre tid, og har endeleg funne sin plass. Det var etter eg tok kontakt med Espen at det heile løyste seg. Han hadde behov for arbeidskraft, og tok inn Dorian i ei prøveperiode.

– Dette er absolutt ei gladsak. Men heilt ærleg, så var eg ganske skeptisk i utgangspunktet, legg Espen til. – Eg plar tilsette folk direkte, og då Olav tok kontakt med meg, og lanserte Dorian som rette mannen til den ledige stillinga, skal eg innrømme at det sat litt langt inne å seie ja. Mest fordi Dorian hadde gått ledig lenge, og det gjorde meg usikker. Men så feil kan ein heldigvis ta! For eg har berre godord å seie om Dorian. Gjennom opplærings- og prøveperioden har han fått vist fram sine kvalitetar, både som arbeidstakar og menneske og gjort ein solid arbeidsinnsats. Dette gler meg, og det er tydeleg at han tek jobben seriøst. Og slik eg har lært Dorian å kjenne, trur eg han har fått ein ny vår her saman med oss. Eller kva seier du, Dorian?

Dorian nikkar og smiler, og viser tydeleg at han er fornøgd. Han er ein sjenert kar, og seier ikkje så mykje. Til tross for at han er frå Polen, snakkar han

godt norsk. – Eg bur i Ørsta, og kom til Noreg i 2012. Eg har hatt ein del småjobbar før som snekkar, men etter at eg måtte operere eit kne kom eg ikkje tilbake i jobb, då bedrifta gjekk konkurs. Eg er takksam for den hjelpa eg har fått via NAV og Furene, og at eg no har fått fast jobb, seier han stolt.

Olav er svært engasjert i samtalen. – Det er viktig for meg å presisere at dette resultatet ikkje hadde vore mogleg å oppnå utan det gode og tette samarbeidet mellom Furene og næringslivet i regionen. At Espen opnar dørene på denne måten, og gir arbeidssøkarar som Dorian moglegheita til å få presentere seg, er heilt avgjerande. Samtidig er dette ein trygg og uforpliktande rekrutteringsmåte for ein arbeidsgivar, som etter ei utprøving- og opplæringsperiode kan gjere ei nærast risikofri tilsetjing. Etter at Dorian i ei overgangsperiode har vore i lønna arbeid, med ein viss stønad frå eit samarbeidsvillig NAV, avsluttar vi frå januar formelt denne saka. No er han sjølvstendig og i trygge hender her hjå Egset Ventilasjon AS, seier Olav.

Espen avsluttar med å seie at samarbeidet med Furene har fungert svært bra, og ser ikkje vekk ifrå at han kjem til å kontakte dei neste gong han treng folk. •